

Barnehageopptak

Søknad om plass i barnehagane i Skodje (Prestemarka, Skodje, Stette, Valle og Plassebakken barnehage) vert å sende til Skodje kommune, sentraladministrasjonen, 6260 Skodje innan **1. mars 2006**. Søknadsskjema får ein ved servicetorget, i barnehagane eller på Skodje kommune si heimeside.

SFO-søknad

Frist for å søke plass i skulefritidsordninga (SFO) for skuleåret 2006/2007, er sett til **1. april 2006**. Søknadsskjema og vedtekter for SFO finn du på kommunen sine heimesider, eller ved å vende deg til servicetorget.

Søknadsskjema kan sendast til Skodje kommune, servicetorget, 6260 SKODJE, eller leverast via den enkelte skule.

Kulturmidlar

Det er høve til å søkje om kulturmidlar for alle lag som driv kulturarbeid i Skodje kommune, anten det er idrett, song og musikk eller andre typar av kulturarbeid. Søknad skal vere på eige skjema som ein får ved å kontakte Skodje kommune, sentraladministrasjonen, tlf. 70 24 40 00 eller ved å gå inn på kommunen sine heimesider. Her finn ein også meir informasjon om midlane.

Søknadsfrist er **1. april**.

Gartneriet

På gartneriet ved Prestemarka produkt kan vi by deg velkommen til ein hyggeleg handel! Vi held ope frå 08.30 – 15.30. Du finn oss nede på gartneriet eller på telefon 70 24 48 97.

Vi sel samplantingar og potteplanter, og kan ta imot bestillingar på dette. Når det gjeld snittblomster, så har vi det inn mot enkelte dagar som morsdag, farsdag, jul, påske, 17. mai og konfirmasjonshelga.

Offisiell adresse i Skodje

Skodje kommune skal i 2006 innføre offisiell adresse for delar av kommunen. **Områda som no får adresse er Skodjevågen, Lia, Skodje sentrum, Grindvika, Håhjem og Valle. Alle som bor i desse områda og har tilkomst via ein veg som har fått namn vil få tildelt offisiell adresse som består av vegnamn og eit husnummer.**

Bakgrunn

Hovudformålet med å tildele offisielle adresser er å gjere det lettast mogeleg for ulike adressebrukarar å finne fram i terrenget til bygningar/eigedomar og til personar/aktivitetar som er knytte til desse. Den offisielle adressa er difor ei stadadresse for objektet innan kommunen og denne må ikkje forvekslast med andre adressebegrep som for eksempel postadresse som er ei leveringsadresse for post. Den offisielle adressa er ofte ein del av postadressa men postadressa har i tillegg eit postnr og eit poststadnamn som ikkje er del av den offisielle adressa.

Forskrift

Plassering av husnummerskilta er viktig. Dei må vere lette å sjå, skiltinga må vere lik frå stad til stad slik at det er lett å orientere seg. Det er difor viktig å utarbeide detaljerte reglar om plikt til å sette opp skilt, plassering av desse, vedlikehald, materiale, utføring og administra-

tive ordningar. Slike forskrifter er nødvendig for at kommunen skal ha eit juridisk grunnlag for å kunne gripe inn dersom det oppstår diskusjonar om plassering, materialval eller andre problem. Det er på bakgrunn av dette utarbeida forslag til lokal forskrift for adresse-tildeling og husnummerskilt for Skodje kommune som ein finn på kommunen si heimeside.

Saksgang

I handlingsplanen for teknisk avdeling tek ein sikte på å starte adressearbeidet og skilting av vegar i Skodje sentrum i år. Ein vil starte arbeidet i Skodjevågen og så arbeide seg vestover til Grindvika. Til hausten vil ein tildele adresse på Håhjem og Valle. Adresser vert tildelt med heimel i delingslova og gjeve som eit enkeltvedtak. Saman med vedtaket vert det utsendt husnummerskilt og ein kopi av adressekartet.

Ordføraren vil ha deg i tale!

Dei som følger med i media, ser at det skjer forskjellige ting i kommunen vår. Det vert gjort framstøyt mot bedrifter vi ynskjer skal etablere seg her, og det er rekordstor aktivitet på byggefronten i forhold til bustadhus. Opprusting av vegar og kringliggjande fasilitetar, står også på agendaen. I ein kommune der det skjer mykje, er det viktig for oss som styrer i kommunen at vi får signal frå dykk som bur her kva som er viktig for dykk. For å kome i ein tettare dialog med innbyggjarane, har eg derfor tenkt og plassere meg på ein butikk siste torsdagen i månaden mellom klokka 16.00 og 18.00.

Eg må også nemne at vi i regi av Fredskorpset, skal gjennomføre ei hendelsesrik veke i slutten av april. Mange lag og organisasjonar har fått oppmoding i posten om og melde seg som aktive deltakarar.

For ordføraren sin del, er det jamt noko og «hengje fingrane i». Men ein ting eg saknar er meir kontakt med innbyggjarane i kommunen. Ordføraren er som kjent innbyggjarane sin ombodsmann, og då må eg ha signal om kva ein skal bere til togs. Sjølvstakt er det ting som det kan vere vanskeleg å gjennomføre på kort sikt, men det er ofte mangel på kommunikasjon som gjer ting vanskelegare enn det er, og det er ikkje

alltid slik at ein treng midlar for å få til noko. For å kome i ein tettare dialog med innbyggjarane, har eg tenkt å plassere meg på ein butikk siste torsdagen i månaden mellom klokka 16.00 og 18.00. Det vert annankvar gong på Spar og Prix, og første gong i februar blir torsdag 23. på Spar.

Då kan alle og einkvar stoppe opp og slå av ein prat om det ein har på hjartet. Eg vil særskilt oppmode ungdomane om og ta kontakt, då dei er ei gruppe som ofte ikkje har så mange talsmenn inn mot kommunen. Vel møtt!

Terje Vadset
ordfører

Mor/barn-treff

8. februar starta vi opp med mor/barn-treff på Skodje bedehus. Dette er ein treffstad for mødre med barn i førskulealderen.

Vi leikar i lag (vi har fornya leikekroken), syng nokre enkle barnesongar og et formiddagsmat. Men aller mest er det «skravling» i lag med nye vener.

Ta med niste og drikk til barna. Vi ordnar med kaffi og te.

Vi møtast på følgjande datoar framover: 8. mars, 22. mars, 12. april, 19. april, 3. mai, 24. mai og 14. juni. Alle samkoma er frå 11-13. Velkommen!

Helsing Grete, Signe og Kristine.

Namneforslag

Namneutvalet i Skodje har kome med framlegg til vegnamn på RV 661 frå Dragsundet til Straumen gjennom Skodje sentrum.

Det er sett fram følgjande framlegg: Skodjevegen

I samsvar med stadnamnlova § 7 vert framlegg til vegnamn kunnjort. Merknader skal sendast til Skodje kommune - teknisk avdeling - 6260 Skodje innan 27. februar 2006.

Sjeldnare Kommunenytt

På grunn av innsparingane i kommunen, har ein fått mindre kapasitet i administrasjonen. Dette fører med seg at ein må redusere tenestetilbodet, og Kommunenytt vil dermed ikkje kome ut så ofte som før. Ein legg no opp til fire utgjevingar i året.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 5. mai. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 25. april.

Eldsjelprisen til Odd Grande

Skodje kommune vil få gratulere Odd Grande med Eldsjelprisen for 2005! Prisen er svært velfortent, og vi vil i det følgjande nemne ein del av dei aktivitetane som ligg til grunn for tildelinga som formannskapet gjorde:

Odd Grande er mangeårig leiar av Skodje idrettsråd, der han har vore pådrivar for at rådet har blitt ein sentral aktør i utforminga av idrettslivet i Skodje. Skodje idrettsråd er kjent som eit av dei mest aktive på Sunnmøre.

Han har i mange år vore ein av dei mest brukte fotballdommarane her i regionen, og ingen kamp har vore for stor eller for liten til at han har stilt opp.

Han har hjarte for ungdommen, og har i mykje av sitt virke lagt til rette for at ungdom skal ha meningsfylte aktivitetar å gjere i kommunen.

Gjennom LHL-foreininga har han starta og driv «onsdagstrimmen» som er eit positivt tiltak både fysisk og ikkje minst sosialt. LHL-foreininga har elles jamnleg møter med foredrag, underhaldning og sosialt samvær.

Kulturprisen til Skodje blandakor

Kulturprisen for 2005 er gått til Skodje blandakor, og Skodje kommune gratulerer så mykje!

I si tildeling av kulturprisen la formannskapet mellom anna dette til grunn:

Skodje blandakor er eit av dei eldste kora på Sunnmøre og var ein banebrytar i si tid til å starte Sunnmøre songarlag, og koret sine medlemmer har vore flittig brukt som tillitsvalde både som leiarar og i andre styreverv i korforbundet.

Skodje blandakor har vore ein sterk og god ambassadør for kulturlivet i Skodje heilt sidan lærar Johan Slyngstad grunnla koret i 1894. Koret har vore i kontinuerlig drift heile tida med eit unntak av ein periode i krigsåra. Skodje blandakor har i alle desse 111 åra stilt opp med song i bygda vår, og det er vel ingen som kan tenkje seg ein 17. mai utan korsong. Kvar 1. juledag i meir enn 20 år har koret stilt opp i kyrkja og sunge under gudstenesta, likeins har 1. søndag i advent dei siste 30 åra blitt dagen då koret og Skodje Røde Kors arrangerer eldretreff for dei over 60 frå heile kommunen.

«Der mennesker møtes»

Skodje kommune har fått invitasjon frå Fredskorpset om å samarbeide om «Der mennesker møtes», eit konsept Fredskorpset har utvikla som eit ledd i målsetjinga om å arbeide for, og motivere til, engasjement for nord/sør-spørsmål. Skodje kommune arrangerer «Der mennesker møtes» i veke 17, saman med Fredskorpset. Lag og organisasjonar blir invitert til å delta med ulike aktivitetar. I samband med «Der mennesker møtes» ønskjer Fredskorpset også å tildele Skodje kommune hedersbetegnelsen «INTERNASJONAL KOMMUNE».

Fredskorpset ønskjer å vise fram eksempel på eksisterande internasjonale engasjement i Norge, og gjennom dette bidra til etablering av nye arenaer for solidaritet og forståing.

«Der mennesker møtes» er eit arrangement samansett av mange ulike delar, der m.a. skulebesøk og framtidswerkstad er faste element. Utover dette er det opp til lokale krefter å legge rammene for andre arrangement og aktivitetar. Det er sendt ut invitasjon til lag og organisasjonar i kommunen om å delta med ulike aktivitetar. Døme på aktivitetar kan vere konsertar, møte, debattar, seminar, utstillingar, stands, matlaging, drama/teater, dans etc....

Fredskorpset ønskjer vidare å tildele Skodje kommune hedersbetegnelsen Internasjonal kommune. Bakgrunnen for dette er først og fremst Skodje sitt samarbeid med vennskapskommunen Voi i Kenya.

Følg med for nærare informasjon om ulike arrangement i veke 17!

"Kommunenyt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Jarl Anders Moe og Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredkapstf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no